


Denne skissa viser leidningane slik dei skal leggjast i dei sentrale delar av Uskedalen.

Planen er at formannskapet skal få saka i desember og at anleggsstarten skal skje tidleg i januar.

Det opplyser avdelingsingeniør Ivar Kåre Døsland i kommunen til uskedalen.no om framdrifta til det neste byggjesteget for kloakkreinsinga i Uskedalen.

Men han legg til at ein slik framdrift avheng av inngåtte avtalar med grunneigarar og også av den politiske handsaminga.



Slik skal kloakken førast utover mot Børnes.

I første omgang presenterer han ei skisse av leidningane slik dei skal leggjast:

Korsnes har sitt eige kloakkreinseanlegg medan anlegget på Børnes skal samla opp resten av kloakken. Desse anlegga er forlengst ferdigstilte.

For så å starta innanfrå skal kloakken frå Halsabrotet og området ned mot Beinavikjo samlast og førast i sjøen fram til ein pumpestasjon ved Uskedalen brygge. Derifrå skal han pumpast i sjøen rundt Neset, inn i Stølavikjo og fram til ein hovudpumpestasjon som blir plassert mellom Aktivitetshuset/skulen og badestranda.

Ein pumpetasjon ved Rabben skal oppgraderast og kloakken derifrå pumpast fram til pumpetasjonen ved Aktivitetshuset/skulen gjennom ein ledning på land. Frå denne pumpestasjonen blir kloakken så pumpa via sjøen fram til eit punkt like ved Eidsvik Skipsbyggeri og så ført vidare på land ned til reinseanlegget.

uskedalen.no har motteke "bekymringsmeldingar" frå fleire som peikar på at ein pumpestasjon blir liggjande nesten på badestranda.

Til det har Ivar Kåre Døssland denne kommentaren:

-Dei burde heller vera glade for denne plasseringa, for vi skal laga omkleddingsrom og toalett i tilknytning til pumpestasjonen. Desse romma kan nyttast av dei badande.

Av Ola Matti Mathisen



Pumpestasjonen er planlagt plassert mellom Aktivitetshuset og badestranda. (Foto: Ola Matti Mathisen)